

Høyring av forskrifter om tilskotsordningar retta mot trus- og livssynssektoren

10. juni 2021. Høyringsfrist 17. september 2021.

Innleiing

Barne- og familiedepartementet (BFD) ber med dette om synspunkt på at to av tilskotsordningane på trus- og livssynsfeltet blir regulert i forskrifter. Høyringa er open for alle. Vi ber om synspunkt digitalt på regjeringa.no innan 17. september 2021.

Då Finansdepartementet reviderte økonomiregelverket i 2019, blei det konkretisert at tilskotsordningar som private kan søke på, skal vere forskriftsfesta, sjå forvaltningslova § 2 c. I *Bestemmelser om økonomistyring i staten* punkt 6.2.3 er det no fastsett at dei delane av regelverket for ei tilskotsordning som retter seg mot private, må blir førebudd og fastsett etter føresegnene om forskrifter i forvaltningslova kapittel VII.

Høyringa gjeld forskriftsfesting av to av tilskotsordningane retta mot trus- og livssynsfeltet:

- *Tilskot til dialogføremål, offentlig debatt og kunnskapsutvikling på trus- og livssynsfeltet.* Ordninga blir finansiert over kap. 881, post 78 på statsbudsjettet.
- *Tilskot til private kirkebygg.* Ordninga blir finansiert over kap. 881, post 75 på statsbudsjettet.

Forslaga til forskrifter vidarefører hovudinnhaldet i gjeldande tilskotsregelverk. Vi tek sikte på at dei nye forskriftene vil gjelde frå 2022.

Tilskot til dialog, debatt, samarbeid og kunnskapsutvikling på trus- og livssynsfeltet

Bakgrunn

Omtalen i Prop. 1 S (2020-2021) for BFD lyder:

Posten skal mellom anna dekkje driftstilskot til dialog- og paraplyorganisasjonar på trus- og livssynsfeltet. Driftstilskotet er særleg grunnlagt i oppgåvene desse organisasjonane har som brbyggjarar mellom ulike trus- og livssynssamfunn og som kontaktledd til det offentlege. Verksemda til organisasjonane er òg retta inn mot sivilsamfunnet for å auke kunnskapen om dei ulike trus- og livssynssamfunna. Til Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn er det sett av 5 mill. kroner, til Norges Kristne Råd er det sett av 3,8 mill. kroner, og til Muslimske Dialognettverk er det sett av eit tilskot på 600 000 kroner til tiltak for mangfald, inkludering og arbeid mot fattigdom.

Under posten er det sett av ei ramme på inntil 5,38 mill. kroner som tilskot til dialogføremål, offentlig debatt og kunnskapsutvikling på trus- og livssynsfeltet. Midlane blir tildelte på grunnlag av kunngjering og søknad. I Prop. 130 L (2018–2019) har

departementet omtalt eit pilotprosjekt med livssynsmedarbeidarar i kriminalomsorga. Prosjektet er under førebuing og vil vere eit samarbeidsprosjekt mellom Barne- og familiedepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. Dersom prosjektet blir sett i verk i 2021, vil ein del av ramma på 5,38 mill. kroner bli disponert til føremålet.

Det er òg lagt opp til å vidareføre kurstilbodet Å være religiøs leder i det norske samfunn ved Det teologiske fakultetet ved Universitetet i Oslo. Kurset er retta mot religiøse leiarar i Noreg med utanlandsk bakgrunn. Det er sett av eit tilskot på 600 000 kroner til kurset i 2021.

Posten blir i tillegg nytta til tiltak som kan styrkje arbeidet med mangfald, inkludering og arbeidet mot fattigdom.

Departementet føreslår ei løyving på 15,4 mill. kroner i 2021.

Utlysinga på regjeringa.no 28. april 2021 lyder:

Barne- og familiedepartementet utlyser 3,2 mill. kroner til dialogarbeid og tiltak som kan bidra til kunnskapsutvikling og debatt om tros- og livssynspolitiske spørsmål.

Tros- og livssynssamfunn, andre frivillige organisasjonar, lag, foreningar mv. samt kommunar kan søke om tilskudd.

Det lysas ut midlar til:

- Dialogarbeid – aktiviteter på eller tilknyttet tros- og livssynsområdet som kan fremme gjensidig forståelse og respekt for forskjeller og for felles verdier som samfunnet bygger på, som demokrati, rettsstat og menneskerettigheter.
- Tiltak som kan bidra til kunnskapsutvikling og kompetanseheving om tros- og livssynspolitiske tema.
- Tiltak som kan stimulere til økt samarbeid mellom kommunar og tros- og livssynssamfunnene for å løse sosiale og diakonale utfordringar.

For nærmere informasjon om hvilke tiltak som omfattes av ordninga, krav til søknaden og rapportering, vises det til [regelverket for tilskuddsordninga](#).

Departementet vil tildele engangstilskudd i størrelsesorden 50.000–400.000 kroner.

Søknadsfristen er 25. juni 2021.

Søknad med vedlegg bes sendt elektronisk til postmottak@bfd.dep.no.

[Benytt dette søknadsskjemaet.](#)

Departementets vurdering

Tilskotsordninga har to grupper mottakarar. Nokre er namngitte i budsjettproposisjonen, medan andre må oppfylle nærare kriterium. Alle må søke for å få tilskot.

Det er i statsbudsjettet for 2021 fastsett vilkår for tilskotsordninga. Det er vidare fastsett eit regelverk for ordninga. Dette regelverket blei gjennomgått i 2020. Forslaget til forskrift er utforma i samsvar med budsjettet og regelverket. I forslaget nedanfor er endringar frå gjeldande regelverk markert med kursiv, men ikkje flytting av tekst. Retten til å klage på departements vedtak i tilskotssaker følgjer av forvaltningslova, og er derfor ikkje innarbeidd i forslaget. Ev. klage skal rettast til departementet, jf. forvaltningslova § 32 bokstav a.

Departementet har stor fridom når tilskot skal tildelast, med unntak av føringane Stortinget gir i budsjettvedtaket. Forskriftsutkastet § 5 listar opp moment departementet vil leggje vekt på. Lista i § 5 skal *ikkje* lesast som vilkår for å få tilskot, og søknadar som får tilskot treng ikkje omtale *alle* momenta.

Departementet fører vidare formuleringa om leggje vekt på om tiltaket skjer i regi av, eller i samarbeid med, muslimske organisasjonar. Grunngivinga er at departementet per i dag ikkje gir driftstilskot til ein muslimsk dialog- og paraplyorganisasjon, og det er derfor behov for å prioritere dialogtiltak som involverer muslimske trussamfunn og organisasjonar, sjå òg tiltak 8 i handlingsplanen mot diskriminering av og hat mot muslimar.

Departementet gjer framlegg om ein søknadsfrist 25. juni. Rapporteringsfristen blir i samsvar med gjeldande praksis, sett til utgangen av påfølgjande år fordi tildelinga kjem seint i året.

Departementet vidarefører ikkje føresegna om at krav om tilbakebetaling av tilskot berre kan fremjast innan tre år etter utbetalinga. Det er lagt opp til at ny forskrift tek til å gjelde frå 1. januar 2022.

Departementets forslag til forskrift

Forskrift om tilskudd til dialog, debatt, samarbeid og kunnskapsutvikling på tros- og livssynsfeltet

Fastsatt av Barne- og familiedepartement Xdag. Xmåned 2021 nr. xx til oppfølging av Stortingets budsjettvedtak, kapittel 881, post 78.

§ 1 Formål

Tilskuddet skal bidra til å fremme tros- og livssynsdialog og offentlig debatt *om tros- og livssynspolitiske tema*. Tilskuddet skal bidra til kunnskapsutvikling og kompetanseheving om tros- og livssynspolitiske tema. Tilskuddet skal stimulere til økt samarbeid mellom kommuner og tros- og livssynssamfunn for å løse *sosiale utfordringer*.

§ 2 Hvem som kan tildeles tilskudd

Tilskudd kan tildeles:

- a) tros- og livssynssamfunn
- b) organisasjoner, lag, foreninger m.v.
- c) kommuner

Flere aktører kan gå sammen om en søknad. Ved flere søknader fra samme aktør, kan departementet vurdere disse samlet.

§ 3 Hva det kan søkes om tilskudd til

Tiltaket det søkes om tilskudd til, må komme inn under minst ett av formålene i § 1. Det gis ikke tilskudd til

- a) Trosopplæring
- b) Oversettelse og/eller publisering av religiøse tekster
- c) Informasjonsarbeid om eget livssyn rettet mot allmennheten
- d) Studieopphold/studiestøtte
- e) Skoleturer og lignende.

Det gis tilskudd på mellom 50 000 og 400 000 kroner.

§ 4 Søknadsfrist. Krav til søknaden

Søknaden med alle nødvendige opplysninger og vedlegg sendes elektronisk til departementets postmottak innen 25. juni. Søknaden skal opplyse om:

- a) navn på organisasjonen
- b) organisasjonens e-post og postadresse
- c) eventuell nettside
- d) organisasjonsnummer
- e) bankkonto
- f) tilskuddsbeløpet det søkes om (kroner)
- g) mottatt tilskudd foregående år (kroner)
- h) navn, telefon og e-postadresse til én eller flere kontaktpersoner.

Søknaden skal gi en kortfattet beskrivelse av tiltaket det søkes om tilskudd til, blant annet:

- a) bakgrunn for og formål med tiltaket (hva søkeren vil oppnå med tilskuddet og hvordan målet (og delmålene) skal bidra til å oppfylle målet med tilskuddsordningen)
- b) målgruppe
- c) framdriftsplan
- d) kompetanse og erfaring fra lignende arbeid
- e) skriftlig bekreftelse om deltakelse fra eventuelle samarbeidspartnere
- f) finansieringsplan for tiltaket (oversikt over planlagte utgifter og hvordan disse skal dekkes inn)
- g) opplyse om det er planer for å videreføre tiltaket
- h) dersom søker mottok tilskudd fra samme tilskuddsordning foregående år, skal det legges ved en kort orientering om status for prosjektene en fikk tilskudd til.

§ 5 Saksbehandling

Departementet avgjør søknadene etter en skjønnsmessig vurdering av søknadsopplysningene sammenholdt med formålene i § 1. I tillegg legges det vekt på

- a) om tiltaket bidrar til samarbeid mellom ulike tros- og livssynssamfunn eller retninger og bidrar til å forebygge polarisering og hatytringer
- b) om tiltaket fremmer gjensidig forståelse og respekt for forskjeller og for felles verdier som samfunnet bygger på, som demokrati, rettsstat og menneskerettigheter
- c) om tiltaket og rapporteringen fra tilskuddsmottakerne kan bidra til ny innsikt
- d) om den som søker har kompetanse og erfaring fra lignende arbeid

- e) om planleggingen er kommet langt nok til at det er sannsynlig at prosjektet kan gjennomføres i løpet av påfølgende år
- f) om det foreligger samarbeidsavtaler dersom tiltaket skal gjennomføres i samarbeid med andre organisasjoner

Departementet kan også legge vekt på at de samlede tilskuddene blir fordelt mellom flere typer organisasjoner, en viss geografisk spredning og at tiltaket skjer i regi av, eller i samarbeid med, muslimske organisasjoner.

Departementet kan kreve at søkeren gir tilleggsopplysninger som er nødvendig for å vurdere søknaden og kontrollere søknadsopplysningene mot opplysninger som andre myndigheter kan utlevere.

§ 6 Rapportering og regnskap

Tilskuddsmottakere skal sende rapport og prosjektrekskap, hvor disponering av tilskuddet framkommer, innen utgangen av påfølgende år dersom ikke annet er avtalt. Rapporten skal være kortfattet og gjøre rede for gjennomføringen av tiltaket det ble gitt tilskudd til samt hvordan tilskuddet er benyttet. *Det skal gjøres rede for gjennomføringen sammenholdt med framdriftsplanen.* Dersom bare noen av tiltakene er gjennomført, skal det gis en begrunnelse for det. Der det er aktuelt, gis det også opplysninger om oppslutning.

Dersom en tilskuddsmottaker mottar tilskudd for flere prosjekter og beløpet totalt sett overstiger 400 000 kroner, skal prosjektrekskapet også bekreftes av revisor.

Det kan fastsettes ytterligere rapporteringsplikter i tilskuddsvedtaket.

§ 7 Adgang til å kontrollere at betingelsene og vilkårene for tilskuddet er oppfylt

Departementet og Riksrevisjonen kan kontrollere at betingelsene for tilskuddet og vilkårene i tilskuddsvedtaket er oppfylt gjennom å

- a) kreve de opplysningene og den dokumentasjonen som er nødvendig for kontrollen
- b) innhente opplysninger fra andre myndigheter som har adgang til å utlevere opplysningene
- c) besiktige tiltaket og be om mottakerens medvirkning til besiktigelsen dersom det er nødvendig for kontrollen.

§ 8 Stans og tilbakebetaling

Har en tilskuddsmottaker ikke oppfylt kravene i forskriften og tilskuddsvedtaket for å få utbetalt tilskuddet, kan departementet stoppe videre utbetalinger.

Dersom tilskuddet ikke er brukt i samsvar med kravene i forskriften og tilskuddsvedtaket, kan tilskuddet kreves delvis eller helt tilbakebetalt. Dersom det er gitt ufullstendige eller ukorrekte opplysninger i forbindelse med søknad om tilskudd, og dette medfører at tilskudd utbetales uberettiget eller med for stort beløp, kan tilskuddet helt eller delvis kreves tilbake. Dersom rapporteringen ikke oppfyller kravene eller ikke foreligger innen fristen, vil det alltid foreligge grunnlag for å kreve tilskuddet helt eller delvis tilbakebetalt.

Har en tilskuddsmottaker fått utbetalt for mye tilskudd eller ikke brukt et tilskudd i samsvar med kravene i forskriften og tilskuddsvedtaket, kan det som er for mye utbetalt eller som skal tilbakebetales, trekkes fra i et tilskudd som måtte tildeles senere.

§ 9 Ikrafttredelse

Forskriften trer i kraft 1. januar 2022.

Tilskot til private kyrkjebygg

Bakgrunn

Omtalen i Prop. 1 S (2020-2021) for BFD lyder:

Tilskotet til private kyrkjebygg blir tildelt etter søknad og går til kjøp eller bygging av kyrkjebygg til trussamfunn utanom Den norske kyrkja, og til private stiftingar og frivillige organisasjonar innan Den norske kyrkja. Føremålet med tilskotsordninga er å gi dei aktuelle trussamfunna høve til å kjøpe eller byggje kyrkjebygg med lågare eigenfinansiering. Det blir gitt tilskot per kvadratmeter til nybygg, kjøp av lokale eller utviding av lokale. Det er reglar for største og minste tilskotsareal.

Departementet føreslår ei løyving på 5,3 mill. kroner i 2021.

Utlysinga på regjeringa.no 20. april 2021 lyder:

I behandlingen av statsbudsjettet for 2021 bevilget Stortinget 5,3 mill. kroner til tilskuddsordningen «Tilskudd til private kirkebygg», kap 881, post 75.

Formålet med bevilgningen er å gi trossamfunn utenom Den norske kirke og frivillige organisasjoner innenfor Den norske kirke mulighet til å bygge eller kjøpe kirkebygg/forsamlingslokaler med lavere egenfinansiering.

Med kirkebygg/forsamlingslokaler menes bygg, eller deler av bygg, som benyttes av et trossamfunn til utøvelse av sin religiøse tro. Det gis ikke tilskudd til deler av bygget som benyttes til kommersiell bruk eller til andre aktiviteter uten direkte relasjon til samfunnets trosutøvelse.

Det gis kun tilskudd til finansiering av bygg som er i søkers eie, er ferdigstilt og offentlig godkjent for bruk i tråd med formålet.

Trossamfunn utenom Den norske kirke må være tilskuddsberettiget i henhold til lov av 24. april 2020 nr. 31 om tros- og livssynssamfunn § 5. Offentlig godkjent medlemstall for 2020 blir lagt til grunn for beregningen av tilskuddet.

Organisasjoner innenfor Den norske kirke må vedlegge bekreftelse på tilhørighet i Den norske kirke.

Tilskudd beregnes med utgangspunkt i nettoarealer som benyttes til utøvelse av religiøs tro. Arealet må utgjøre minst 50 m². Satsen for tilskudd er i 2021 kr. 825 per m² innenfor gjeldende bevilgning. Det kan gis tilskudd for inntil 5 m² per medlem. Det er satt en øvre grense på kr. 500 000 per prosjekt.

Søknadsfrist er 10. juni 2021.

[Regelverk for tilskuddsordningen Private kirkebygg – Kap. 881, post 75](#)
[Søknadsskjema for tilskudd 2021](#)

Utfylt søknadsskjema og tilleggskjema (vedlegg) som tegninger og attester sendes til postmottak@bfd.dep.no.

Departementets vurdering

Det er i statsbudsjettet for 2021 fastsett vilkår for tilskotsordninga. Det er vidare fastsett eit regelverk for ordninga. Forslaget til forskrift er utforma i samsvar med desse tekstane. I forslaget nedanfor er endringar frå gjeldande regelverk markert med kursiv, men ikkje av flytting av tekst.

Fordi trossamfunnslova ikkje skil mellom trussamfunn og livssynssamfunn, kan livssynssamfunn etter framlegget søkje om tilskot etter denne ordninga. Kulturdepartementet (KUD) har ei desentralisert [ordning for tilskot til kulturbygg](#) som blir forvalta av fylkeskommunane. Fordi tilskot etter KUD si ordning ikkje er fullfinansierande, er det ikkje behov for å avgrense ordninga her mot tiltak som har fått tilskot frå ordninga til KUD. Livssynssamfunn vil med andre ord kunne søke og motta tilskot etter begge ordningane når forskrifta tek til å gjelde. Sjå elles [Prop. 130 L \(2018-2019\) punkt 7.4.13](#).

Retten til å klage på departements vedtak i tilskotssaker følgjer av forvaltningslova, og er derfor ikkje innarbeidd i forslaget. Ev. klage skal rettast til departementet, jf. forvaltningslova § 32 bokstav a.

Trussamfunnslova § 6 gir heimel til å nekte tilskot til trus- og livssynssamfunn. I framlegget til forskrift nedanfor kan trus- og livssynssamfunn som har blitt nekta tilskot same år eller året før, ikkje søke om om tilskot.

Departementet gjer framlegg om ein fast årleg søknadsfrist 15. juni. Departementet vidarefører ikkje føresegna om at krav om tilbakebetaling av tilskot berre kan fremjast innan tre år etter utbetalinga.

Det er lagt opp til at ny forskrift tek til å gjelde frå 1. januar 2022.

Departementets forslag til forskrift

Forskrift om tilskudd til private *forsamlingslokaler* for tros- og livssynssamfunn

Fastsatt av Barne- og familiedepartement Xdag. Xmåned 2021 nr. xx til oppfølging av Stortingets budsjettvedtak, kapittel 881, post 75.

§ 1 Formål

Formålet med tilskuddsordningen er å gi tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke og frivillige organisasjoner innenfor Den norske kirke mulighet til å bygge eller

kjøpe kirkebygg eller forsamlingslokaler til lavere egenfinansiering. Ordningen skal bidra til at flere tros- og livssynssamfunn får tilfredsstillende forsamlingslokaler.

§ 2 Hvem som kan tildeles tilskudd

Tilskudd kan tildeles tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke som er registrert etter lov 24. april 2020 nr. 31 om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven) § 4 og som ikke har blitt nektet tilskudd etter § 6 i søknadsåret eller året før. Tilskudd kan også tildeles frivillige organisasjoner innenfor Den norske kirke.

§ 3 Hva det kan tildeles tilskudd til

Det kan tildeles tilskudd til bygg oppført i Norge og som er eid av søkeren. Dette gjelder ikke bygg eid av aksjeselskap eller lignende.

Det kan tildeles tilskudd til nybygg, kjøp av lokaler eller utvidelser, men ikke rehabilitering eller oppussing. Bygget må være anskaffet eller ferdigstilt i løpet av de tre siste årene før søknadsfristen, og må være offentlig godkjent for bruk i tråd med formålet.

Det kan ikke tildeles tilskudd til:

- a) bygg eller tilbygg mindre enn 50 kvadratmeter i nettoareal
- b) bygg som har fått tilskudd til fra denne ordningen tidligere
- c) bygg som har fått momsrefusjon
- d) bygg eller deler av bygg som benyttes til kommersiell bruk eller til aktiviteter uten direkte relasjon til tros- og livssynssamfunnets utøvelse av tro eller livssyn.

§ 4 Saksbehandling

Departementet avgjør søknaden med utgangspunkt i søkerens medlemstall foregående år, byggets kvadratmeter, Stortingets bevilgning og de samlede beløpene i søknadene som oppfyller vilkårene i §§ 2 og 3.

Tilskuddet beregnes med utgangspunkt i nettoarealet for lokalene det søkes tilskudd til. Det gis ikke tilskudd utover 1000 kroner per kvadratmeter. Det kan likevel ikke gis tilskudd til mer enn 5 kvadratmeter per medlem. Det gis ikke tilskudd utover 500 000 kroner per bygg eller søknad.

Dersom det totale søknadsbeløpet i søknadene som oppfyller kravene i første og annet ledd og i §§ 2 og 3, er større enn bevilgningen, blir alle tilskudd avkortet prosentvis.

§ 5 Krav til søknaden

Søknaden med alle nødvendige opplysninger og vedlegg sendes elektronisk til departementets postmottak innen 25. juni. Det skal ikke legges ved medlemslister. Søknaden skal inneholde følgende opplysninger om søkeren:

- a) navn
- b) organisasjonsnummer
- c) antall medlemmer
- d) e-postadresse
- e) postadresse
- f) navn, telefon og e-postadresse til to eller flere kontaktpersoner med fullmakt til å søke om tilskudd
- g) bankkontonummer.

Søknaden skal inneholde følgende opplysninger om tiltaket:

- a) kommunen bygget ligger i
- b) byggets gateadresse
- c) byggets gnr. og bnr.
- d) antall netto kvadratmeter det søkes om tilskudd for
- e) en kort beskrivelse av bygget og hva det brukes til på inntil 200 ord.

Som vedlegg til søknaden skal følge:

- a) tinglyst skjøte og offentlig godkjenning av tiltaket (brukstillatelse eller ferdigattest)
- b) byggetegninger der det klart framgår hva de ulike delene av bygget skal brukes til, totalt antall kvadratmeter og antall kvadratmeter for hvert rom det søkes støtte til
- c) byggregnskap som viser oversikt over kostnader og finansiering for oppføring eller kjøp av bygget.
- d) annen nødvendig dokumentasjon, som ev. bekreftelse på tilhørighet til Den norske kirke.

§ 6 Opplysningsplikt og sanksjoner

Den som søker eller mottar tilskudd skal uoppfordret og løpende gi departementet alle opplysninger som har betydning for søknaden og tilskuddet, uavhengig av om tilskuddet er utbetalt eller ikke.

Departementet og Riksrevisjonen kan utføre nødvendige kontrollhandlinger for å avdekke om tilskuddsmidlene blir benyttet etter forutsetningene i forskriften her og vilkårene fastsatt i tilskuddsbrevet, og om opplysningene i søknaden er korrekte. Tilskuddsmottaker skal medvirke til at nødvendig kontroll kan gjennomføres, jf. lov om Riksrevisjon § 12 tredje ledd.

Dersom det er gitt ufullstendige eller misvisende opplysninger i forbindelse med søknad om tilskudd, og dette medfører at tilskudd utbetales uberettiget eller med for stort beløp, kan tilskuddet helt eller delvis kreves tilbake. Dersom det utbetales for høyt tilskudd pga. feil beregninger fra departementets side, kan den uberettigede delen kreves tilbakebetalt.

§ 7 Ikrafttredelse

Forskriften trer i kraft 1. januar 2022.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaga til forskrifter inneber få endringar sammanlikna med reglane som gjeld no. Departementet reknar ikkje med at mange livssynssamfunn vil søkje om tilskot etter ordninga for private kyrkjebygg. Auke i talet på søknader fører dessutan berre til at det blir mindre til kva søker. Forslaga har dermed ikkje vesentlege økonomiske konsekvensar for trus- og livssynssamfunn eller for staten.